

**NEI**  
**TAKK**



**CANNABIS**  
HASJ - MARIHUANA - HASJOLJE

# KVA ER CANNABIS?

**Cannabis** er det mest brukte narkotiske stoffet i Noreg, og er på verdsbasis det mest utbreidde ulovlege rusmiddelet når det gjeld både dyrking og bruk. Cannabis er ei fellesnemning på materiale frå planta *Cannabis sativa*. Frå denne planta vert det framstilt produkt som: **marijuana, hasjisj og cannabisolje.**

Den rusgjevande effekten kjem hovudsakleg frå verkestoffet *delta-9-tetrahydrocannabinol*, også kalla **THC**. I den viltveksande planta finn ein anna cannabinoid kalla cannabidiol (**CBD**). Denne cannabioida bidrar ikkje til sjølvveknaden, men er svært viktig grunna evna den har til å dempe uønska verknader som til dømes psykotiske symptom.

THC-innhaldet varierer mellom ulike typar planter, kva del av planta som blir brukt og dyrkingsvilkåra. Cannabisprodukt har i løpet av dei siste åra endra seg mykje ved at THC-innhaldet har auka betrakteleg, og CBD-innhaldet har vorte kraftig redusert. Det har også kome ei rekkje syntetiske stoff på marknaden som er meir potente. Dette fører til enda større risiko for helseskader.

**MARIJUANA** er vanlegvis toppskot eller tørka blad. Fargen er gjerne brun eller grønleg. Kallast gjerne «pot» eller «weed».



**HASJISJ** vert laga av cannabisharpiksen og blir pressa til plater eller klumpar. Fargen varierer frå lys brun eller grøn til nesten svart.



**CANNABISOLJE** er ekstrahert plantesaft og har ein svært høg konsentrasjon av THC. Fargen er grøn eller brun, og konsistensen er ei klisteraktig olje.



**SYNTEISK CANNABINOIDER** er framstilt i laboratoria. Dei kan vere opp til fleire hundre gongar så potente og inneheld ingen CBD. Det finst fleire tilfelle av overdose som følgje av bruk av syntetiske cannabioider.



«Det er vel ikkje så veldig farleg å røyke hasj?»



# KORLEIS CANNABIS PÅVERKAR HJERNEN

## PÅVERKNADEN PÅ HJERNEN

Ved bruk av cannabis vil verkestoffet THC transporterast raskt til hjernen. Her vil det feste seg cannabinoidresporatorar. Dette vil skape ein ubalanse i hjernen sin *normalfunksjon*, og har ein negativ innverknad på mellom anna hukommelse, evna til å tenke og kjenuler.

Ungdom er særskilt sårbare, ettersom delar av hjernen ikkje er fullt utvikla enno.

## KOGNITIVE SKADEVERKNADER & KONSEKVENSAR

### Kortidshukommelsen vert svekka

Avtalar gløymast og det blir vanskeleg å vurdere tida. I samtalar kan brukaren ha problem med å følge tråden og fell ofte ut, eller byter tema.

### Evna til heilskapstenking vert redusert

Det blir vanskelegare å sortere informasjon. Dette fører til utfordringar med å ta initiativ og gjennomføre planlagt aktivitet.

### Manglande interesse for omgjevnaden og relasjonar

Evna til å planleggje og skape rutinar vert svekka. Ein bryt ut av venegjengen, tidelegare fritidskontaktar vert uinteressante, og forholdet til foreldre og familie vert skadelidande.

### HJERNEBARKEN (CEREBAL CORTEX)

Hjernen sin «kaptein». Verkar på evna til å ta fornuftige avgjersler, impuls kontroll og planlegging.

**Konsekvens:** Redusert vurderingsevne og medvit.

### HIPPOCAMPUS

Hjernen sin «bibliotekar». Viktig for læring og for å henta fram lagra informasjon.

**Konsekvens:** Nedsett hukommelse og utfordringar med innlæring.

### LILLEHJERNEN [CEREBELLUM]

Senter for motorisk kontroll og koordinering.

**Konsekvens:** Svekka koordinering

### AMYGDALA


Kroppen sitt kjenslesenter.

**Konsekvens:** Angst, frykt og paranoia

### NUCLUS ACCUMBENS

Motivasjon og belønningssenter.

**Konsekvens:** Ekstremt høg aktivitet. Vanskeleg i kjenslelivet når rusen er vekke.



# SOSIALE KONSEKVENSNAR

For ein som brukar cannabis regelmessig, kan det vere mange ting i kvardagen som er vanskeleg å forhalda seg til.

Språket vert svekka, ord forsvinn, samstundes som hukommelsen vert svekka. Relasjonar kan bli øydelagde og forsvinna på grunn av tilbaketrekking. Utviklinga vert sett på «pause», og kognitive skadeverknader kan gjere det vanskeleg å fullføre skulegong.

## RULLEBLAD

Forhold som er knytta til narkotikabrotsverk fører til merknader på rullebladet hos politiet. Dette kan gje konsekvensar som blant anna:

- Bøter
- Utsetting eller inndraging av førarkort
- Problem med søknader om visum
- Avgrensingar av yrkesval der det er krav om rein politiattest



05

# TEIKN & SYMPTOM

Det finst teikn og symptom som fortel om ein person er rusa på cannabis. Rusen vert delt opp i ein akutt og ein kronisk fase.

## AKUTT RUS

### FASE 1:

Varer 15-45 minutt og er kjenneteikna av:

- Aktiv tankegang
- Pratsam og fnisete
- Lett blodsprengde auger
- Hjardebank og hurtig puls
- Var for lys
- Tørr i munn og svelg

### FASE 2:

Varer i ca 3 timar og er kjenneteikna ved:

- Inneslutta tankegang
- Fargar forsterkast
- Lydar vert meir framstående
- Tankeflukt

## KRONISK RUS

Ved regelmessig bruk av cannabis, kan det utviklas ein kronisk rus. THC vert lagra i feittvevet og vert frigjort over tid. Dette fører til at den kroniske rusen vert ein normaltilstand. Denne forandringa skjer gradvis, utan at brukaren merkar det sjølv. Det sosiale nettverket rundt opplever cannabisbrukaren som sløv, passiv og ureflektert. Aktivitetar og relasjonar som tidelegare var av stor betyding, misser sin verdi.

# ANDRE KONSEKVENSNAR

Bruk av cannabis kan utløyse psykiske lidningar som angst, depresjon og i nokon tilfelle psykose og schizofreni. Det er også knytt ein auka risiko for høgt blodtrykk, hjarteinfarkt, hjerneslag, kronisk hoste, luftvegsinfeksjonar og lungekreft.

06

# RESSURSAR

Dersom du ynskjer meir informasjon, råd eller rettleiing, kan du kontakte din fastlege, helsesyster på skulen, eller nytte deg av følgjande kontaktinformasjon:

## SLT-KOORDINATOR I STORD KOMMUNE

Tlf. 48 15 32 18

Bjarte.epland@stord.kommune.no

## RUSTELEFONEN

rustelefonen.no

08 588

## POLITIET STORD

53 40 28 00

## UTEKONTAKTEN STORD

utekontakten@stord.kommune.no

53 49 66 44

## UNG.NO

ung.no



**INFORMASJONSFILMER** FINNES PÅ **HELSEFILM.NO**

## ANBEFALT LITTERATUR

- Foreldreboka om hasj (*Arnet*)
- Hva vet vi om cannabis? (*Bretteville-Jensen*)
- Ud af hashmisbrug (*Lundqvist & Ericsson*)



[WWW.HASJAVVENNING.NO](http://WWW.HASJAVVENNING.NO)



Brosjyren er laget av Karianne Birkeland, Renate Johnsen, Marit Norland og Finn Hondrelis.  
Utgitt i samarbeid med Hasjavvenning Kristiansand.